

Gunnar Myklebust skriv innlegg om brannstasjonen.

30.01.2020



Responstida er ofte avgjerande om ein skal berge ei hus (Arkivfoto).

Saka om brannstasjonane kjem opp i møte i Formannskapet 6. februar og seinare i Kommunestyret. Rådmannen går for alternativ 3 med nedlegging av stasjonen i Uskedalen og på Fjelberg. Gunnar Myklebust har engasjert seg i saka med lesarbrev. Han synst det er ei feilvurdering av leiinga i Brann og redning når ein snakkar om å kjøpa brannbåt med plass til ATV. Dette vil bli ein stor kostnad og vil ta så mykje av budsjetten at ein må legga ned brannstasjonar, til dømes i Uskedalen. Gunnar skriv:

Brannbåt til 15 millionar ?

Det blir ikkje kjekt å sjå på eit hus som brenn i ein halvtime før nokon byrjar å sløkkja. Det blir også ekstra trist å få hjartestans etter at hjartestartaren er levert inn.

I Uskedalen har vi ein stabil gjeng med brannfolk som alltid har radioen i belte og er klare for å rykka ut. Godtgjersle for innsatsen er visst nok ca 1000 kr. kvar i månaden.

Brannmannskapa i Uskedalen er utstyrt med hjartestartar, oksygen og førstehjelpsutstyr og er kursa av Norsk Luftambulanse. Mannskapa har allerede gjort ein god innsats og potensialet for å berge liv er stort. Når ein fell om med hjartestans, er tidlig HLR og defibrillering avgjerande for utfallet. Brannstasjonen i Uskedalen ligg strategisk til for å hjelpe.

Kvinnherad er ein langstrakt kommune og eg forstår at det må gjerast prioriteringar, men eg trur det er lite å spa på å legga ned brannstasjonane i Uskedalen og på Borgundøy. Men det er kanskje tøffare å kjøpa brannbåt ? Bergen har kjøpt seg brannbåt til ca 15 millionar, men den er kanskje litt liten og utan plass til ATV på dekk.

Eg oppmodar politikarene til å rekna og vurdera sjølve.

Tekst: Gunnar Myklebust/ Kristian Bringedal
Foto/nett: Kristian Bringedal